

MØTEPLASS – arena for likeverdig og gjensidig læring

LPP, Helse Førde og Førde kommune arrangerer 18.april møte for pårørende og fagfolk.

Tema: **Pårørende og fagfolk sine forventningar til samarbeid ikring den sjuke.**

Stad: Firdavegen 12, Førde. (Avishuset Firda, Øyrane)

Tid: kl. 17.30 til 20.00 for pårørende.

(For fagfolk skal det vere formøte og oppsummering så dei møter kl 17.00 til 21.00)

Enkel servering

LPP sine MØTEPLASS leiarar Arne Kallekleiv og Lise Aarø kjem frå Oslo og skal leie møtet.

Pårørende og fagfolk frå kommunar og Helse Førde skal møtast for å utveksle erfaringar, reflektere og diskutere tema knytt til pårørende sin situasjon. Målet er gjensidig læring, forbedring av tenestene og auka mestring for dei pårørende. MØTEPLASS er ein arena for likeverdig møte mellom pårørende og fagfolk. Det unike er også at Møteplassleiarane og fagfolka etter møtet skal vurdere korleis dei skal nytte ny kunnskap frå møtet på sine respektive arbeidsplasser.

LPP Sogn og Fjordane håper at så mange så mulig nyttar høve til å delta på møtet den 18.april. Her vil fagfolk lytte til våre erfaringar og meiningar og vi kan medverke til at Helse Førde og kommunane gir våre sjuke familiemedlemar, og pårørende, betre behandling og omsorg.

Alle som er pårørende til nokon med psykiske helseutfordringar er velkomne til å delta på møtet. Ein treng ikkje vere medlem/bli medlem i LPP for å delta.

Kommunane i Sunnfjord/Ytre Sogn, ved Psykiatriteneste, har fått informasjon om MØTEPLASS og vi håper at tilsette i kommunane deltek. Dersom du kjenner nokon som arbeider med personar med psykiske helseutfordringar så inviter dei gjerne med på møtet.

Dette er eit heilt nytt konsept i Sogn og Fjordane. LPP tok initiativ til oppstart og Helse Førde og fleire kommunar har vist stor interesse og vil bruke MØTEPLASS for å både gi pårørende eit godt tilbod og for at fagfolk skal lære av pårørende sine erfaringar. Erfaring frå andre stader i landet har vist at tenestetilboda i kommune og foretak har blitt endra, og at tilsette sin forståing for pårørende har blitt betre etter deltaking på MØTEPLASS.

Planen er at det skal arrangerast 2-3 møter kvart semester med ulike tema i Førde. Det er også i gang planlegging av oppstart av MØTEPLASS i Sogndal og Eid. Det kan vere aktuelt å starte opp i andre kommunar dersom det er interesse for det.

For meir informasjon og påmelding kan de ta kontakt med LPP ved Astrid Gytri, tlf. 90 13 89 82 eller Førde kommune ved Liv Stafnsnes, tlf. 90 29 66 87

Velkomen